



Det forenkla og letta arbeidet med å bruka ATV med hengar i ryddinga. F.v: Steinar Kroka, Audun Eik og Knut Steinsletten.

**Med god hjelp frå Dugnadsgruppa vart det i dag rydda og gjort klart til 17. mai, for det som er av markering på Stemneplassen. Dugnaden var eigentleg tenkt på kveldstid, men grunna konsert i Helgheim og nokre andre gjeremål, vart ryddinga lagt til dagtid. Audun Eik og Kristian Bringedal frå styret i Uskedal Friluftslag var med på dugnaden.**

Styret vil også retta ei takk til Haugland Maskin som let oss få bruka traktorhengar for pålessing av greiner og lauv. Med ATV vart mykje av det organiske avfallet køyrd ned frå område rundt og fram til hengaren.

Heile Stemneplassen vart rydda for kratt, greiner og mindre tre i hausthalvåret. Hogst av større tre er alt brukt til ved. No var det tid for å fjerna det som låg att etter ryddinga i område rundt scenebygget og amfiet.

Takk enno ein gong for god hjelp og støtte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal